



Sweco Norge AS  
Susanne Nyborg Bjelland  
Postboks 80 Skøyen  
0212 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1084 - 19/5504

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
21.02.2019

## Igangsettingsløyve for betongkonstruksjonar råbygg - gbnr 188/323 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 115/19

**Tiltakshavar:** Region Nordhordland Helsehus Iks  
**Ansvarleg søkjar:** Sweco Norge AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av betongarbeid knytt til råbygg for nytt helsehus på eigedom gbnr. 188/323.

Kommunen har i vedtak datert 31.05.17 gjeve dispensasjon frå Knarvik sentrum områdeplan for etablering av regionalt helsehus på eigedom gbnr. 188/323.

Kommunen har i vedtak av 10.07.17 gjeve rammeløyve for etablering av regionalt helsehus.

Kommunen har i vedtak av 30.10.18 gjeve igangsettingsløyve for rivingsarbeid på eigedom gbnr. 188/323.

Kommunen har i vedtak av 30.11.18 gjeve igangsettingsløyve for grunnarbeid på eigedom gbnr. 188/323.

Kommunen har i vedtak av 11.01.19 gjeve løyve til endring av rammeløyve for oppføring av Region Nordhordland Helsehus på eigedom gbnr. 188/323.

Det er no søkt om løyve til igangsetting av betongarbeid råbygg for det nye helsehuset. Søknaden er motteken 04.02.19.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.02.19 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

### VURDERING



### **Arbeidstilsynet sitt samtykke**

Det manglar samtykke frå Arbeidstilsynet. Arbeidstilsynet har i brev datert 22.01.19 kome med uttale i saka. Uttalen vart følgd opp med telefon til kommunen den 31.01.19 der det vart supplert med at det er opp til prosjekterande å sannsynleggjere at oppstart av betongarbeid ikkje vert til hinder for utforming av 1.etg. eller hindre at utforming av ambulansestasjonen i tråd med arbeidsmiljøloven sine krav.

Ansvarleg søker har i følgjebrev til søknad om igangsettingsløyve datert 04.02.19 gjort greie for at det er dialog mellom prosjektet og Arbeidstilsynet og at det er einighet om at det må gjerast endringar for å oppnå ei planløyving som oppfyller arbeidsmiljøloven sine krav. Det er vidare opplyst at prosjektet vil løse utfordringar innan eksisterande rammer av bygget. Det vert bekrefta at arbeid med betongkonstruksjonar ikkje låser planløyvinga eller vil vere til hinder for oppfylging av gjeldande krav i arbeidsmiljølova.

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn, jf. gjennomføringsplan versjon nr. 6 datert 08.02.19.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 , jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av del av tiltaket knytt til betongkonstruksjonar råbygg. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Vedtak om dispensasjon datert 31.05.18 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 2. Rammeløyve av 10.07.18 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 3. Endringsløyve av 11.01.19 med vilkår gjeld for tiltaket.**

**Før det vert gjeve yttarlegare igangsettingsløyve i tiltaket skal det ligge føre:**

- 1. Arbeidstilsynet sitt samtykke.**
- 2. Oppdatert SOSI.fil som syner nye liner og plassering av bygg og nedkøyring/innkøyring til parkeringskjellar.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1084

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld*

føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Region Nordhordland Helsehus Iks	Postboks 13	5902	ISDALSTØ
Region Nordhordland Helsehus Iks	Postboks 13	5902	ISDALSTØ
Sweco Norge AS	Fantoftveien 14p	5072	BERGEN

#### **Mottakarar:**

Sweco Norge AS	Postboks 80 Skøyen	0212	OSLO
----------------	-----------------------	------	------